



## MØTEBOK

### Rådmøte i Hardangerrådet

**Dato: Onsdag 12.02.2025 Klokka 1700 - 1900**

**Stad: Thon Hotel Sandven, Norheimsund**

#### Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Timo Knoch - rådsordfører  
Kvam herad: Ordfører Torgeir Næss  
Ullensvang kommune: Ordfører Roald Aga Haug  
Ulvik herad: Ordfører Jens Olav Holven  
Rådmannsforum: Rådmann Magnus Steigedal  
Hardangerrådet: Konsulent Trude L. Rinaldo

#### Sakshandsaming

**HR-sak 01/25 Innkalling og referat**

##### Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

**HR-sak 02/25 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte**

##### Vedtak:

Møteboka fra 8.11.2024 godkjent slik den ligg føre.

**HR-sak 03/25 Meldingar**

**Fellesmøte med Sunnhordaland IPR, den 4. april**

##### Vedtak:

Både ordførarane og rådmenna tek imot invitasjon til felles dagsmøte og set av datoen 04.04.2025  
Rådsordfører og dagleg leiar spelar inn tema til møtet

#### Senteret for Nasjonal Rassikring

##### Vedtak:

Meldinga teke til vitande.

**HR-sak 04/25 Orienteringssaker**

**Orientering Fjordvegen Riksveg 13 og avtale med Hardangerrådet**

##### Vedtak:

Hardangerrådet vedtek å tilby inntil 30% fast stilling i administrasjonen i samband med utlysing av stilling i Fjordvegen Riksveg 13, for å lysa ut ei 100% fast stilling.

**HR-sak 05/25 Søknad Hardanger Open og NM i Hardanger**

##### Vedtak:

Hardangerrådet iks løyver inntil 10.000 frå restmidlar RNH til Hardanger Open og NM i Hardanger.  
Hardangerrådet iks ønskjer dei lukke til med arrangementet.

**HR-sak 06/25 Innledende arbeid revidering Strategi og Handlingsplan**

**Vedtak:**

Saka er utsett til neste møte.

**HR-sak 07/25 Drøftingssaker**

- **Resolusjon maks tak kraftpris**

**Vedtak:**

Hardangerrådet gjer felles tilslutning til desse resolusjonane utarbeida av LVK:

- Maksimumsverdi for eiendomsskatt på store kraftanlegg må heves og på sikt fjernes
- Oppgradering av eldre vannkraftverk krever bedre konsesjonskraftregler

- **Innspel på tema til Hardangerkonferansen 2025**

Saka er utsett til neste møte

**Ymse teke opp ved møtestart:**

- **Husbanken og moglegheiter for å starta eit regionalt bustadprosjekt**

**Vedtak:**

Hardangerrådet ber dagleg leiar å utarbeida ein søknad til Husbanken for tilskot til bustadtiltak i distrikta 2025

- **Reiselivskonferanse "Hardanger NEXT" skal vera i Øystese 26.-27. mars 2025**

**Vedtak:**

Hardangerrådet flyttar Hardangerrådsmøte og årsmøte til Øystese kl 1400, etter deltaking med på Hardanger Next same dag.

Møteboka godkjent 12.02.2025

Timo Knoch  
Rådsordførar